

137 / 212

Til Lindås kommune

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
27 MAR 2018	
137/2913	Løpenr.
Akv. avsluttet	Tilgangskode

**Grunngjeving for søknad om dispensasjon til bygging av omsøkt garasje på vår eideom i Alvermarka er:**

### 1. Dispensasjon frå regulert byggjegrense mot kommunal veg:

Grunngjevinga for denne søknaden vår er at plassering av omsøkt garasje ikkje kjem i strid med sikttihøva til vegane i området. Sikttihøva frå avkjøringa på vår eideom eller trafikktryggleiken for andre som ferdast langs dei kommunale vegane her vert ikkje forringa med omsøkt plassering av garasjen på nokon måte. Omsøkt plassering endrar eller reduserer såleis ikkje trafikktryggleiken langs dei kommunale vegane i Alvermarka. Omsøkt garasje vil ikkje ta friskta frå nokon som ferdast i dette området. Me viser til tidlegare godkjent og oppført bod på eideomen som alt er i den gamle siktlinja (byggjegrensa) i denne eldre reguleringsplanen for Alversund utmark. Denne reguleringsplanen vart godkjent i 1972. Den gamle innteikna byggjegrensa har såleis ingen funksjon lenger mot vegkrysset som er aust for vår eideom og avkjørsel. Dersom de ikkje ser dette klart på situasjonsplanen vår dater 05.01.2018 vil me gjerne invitera dykk til ein synfaring på tomten vår.

Ei anna grunngjeving er at omsøkt plassering av garasje tek gode omsyn til naboeideom i nord og bruk av eige bustadhus og hage. Omsøkt plassering ivaretok og på ein god måte at me kan snu og rygga parkerte bilar på eigen tomt og på open gårdspllass. På den måten treng me ikkje rygga bilar ut på kommunal veg. Såleis er omsøkt plassering av garasje optimal for å ta vare på trafikktryggleiken for alle som ferdast i området, men og for å nytta tomen og uteområdet vårt optimalt i forhold til innsikt, vær, vind. Busker og tre er og innafor byggjegrensa her, omsøkt garasje reduserer difor ikkje friskta på nokon måte. Sjå situasjonsplan under.



Kartutsnittet viser kor omsøkt garasje er plassert i forhold til regulerte byggjegrensa/siktlinja og i forhold til eksisterande bod markert med gul firkant ved kommunal veg i aust.

**2. Dispensasjon frå kravet om garasje skal ha maksimum grunnflate på 40m<sup>2</sup>,  
jf. reguleringsplan § 12:**

Grunngjevinga vår for å byggja ein garasje så stor som omsøkt er at me treng inneparkering og garasjeplass for fleire enn oss sjølve. Me leiger ut delar av vårt bustadhus til ein annan familie, dei treng og meir bod- og garasjeplass. Me har og behov for ein garasje med eit plass til å driva med våre mange hobbyaktivitetar. Me likar å snekra, og i ein garasje som dette er det god lufting om me ynskjer det. I tillegg driv me aktiv med kajakkpadling og treng god lagringskapasitet i vinterhalvåret til desse fartya.

Ein annan grunngjeving til dispensasjonen til maksimal grunnflate på omsøkt garasje er at me treng god plass til våre bilar, der særleg i vinterhalvåret. Med vekependling og på arbeidsreise langt vekke geografisk så treng bilane våre ein trygg og god plass under tak, der me kan låsa dei inn. I tillegg har me behov til å lagra vinterdekk og utedømlar for fleire husstandar her sida me leiger ut delar av bustadhuset vårt. Ei anna grunngjeving er at tomten vår er stor og me har difor god plass på skyggesida av huset til omsøkte garasjen. Til orientering vil den heller ikkje ta utsikt eller sol for nokon med omsøkt storleik og plassering.

Me viser elles til skriv frå Lindås kommune som vist under kva grunngjevingar som manglar i søknaden og som me etter beste evne no har svart på etter besøkt på kundesenteret dykkar:


Søknad om dispensasjon frå regulert byggjegrense til kommunal veg- Alvermarka – gnr 137/769 – må grunngjevast. Omsyn som ei byggjegrense mot kommunal veg skal ivareta er til dømes siktsone for å tryggje trafikktryggleik.

Søknad om dispensasjon frå maksimal grunnflate på 40m<sup>2</sup> må grunngjevast.

Utsnitt av situasjonsplan, datert 05.01.2018:

Me vonar at dette var oppklarande.

Med venleg helsing

  
Peter Lundin